

# Språkkulturar i endring: oppmoding om ein norsk skriftsosiolingvistikk

Stian Hårstad

**Samandrag:** Skriftkulturar er dynamiske, sosiohistoriske fenomen som står under påverknad frå ei mengd samfunnsmessige tilhøve, og som dessutan inngår som del av meir vidfemnande kompleks, nemleg *språkkulturar*. Skildringar av vår tids språkkultur legg gjerne vekt på auka pluralisering og folkeleggjering, og samstundes blir det sagt at skriflegheita har fått stadig større plass i livet til folk flest, ein tilstand som blir omtalt som *masseliterasitet* (eng. *mass literacy*). Ikkje minst er framveksten av digital teknologi som legg til rette for nye former for skriftbasert samhandling, rekna som ein påskundar for endringar i skriftkulturen – og dermed i språkkulturen. Denne artikkelen drøftar korleis ei slik utvikling eventuelt kan ha verka inn på skriflegheita, og vidare korleis relasjonen mellom tale og skrift – og oppfatningane våre om denne kanoniske binariteten – kan ha endra seg. Eit hovudføre mål er å peike på potensialet for sosiolingvistisk utforsking av den skriftelege dimensjonen – både i samtid og historisk – og å vise at dette krev ei nyorientering i retning av ein *skriftsosiolingvistikk*.

**Nøkkelord:** skriftstudiar, sosiolingvistikk, grafolingvistikk, skrifthistorie, skriftsosiolingvistikk

**Keywords:** literacy studies, sociolinguistics, grapholinguistics, history of writing, sociolinguistics of writing

## Innleiing<sup>1</sup>

[S]krifti er berre eit *bilæte*, og det oftest eit mykje ufullkome bilæte av eit maal.

Det er *talen*, det livande ord, som er sjølve maalet.

Marius Hægstad (1904, s. 3)

Forholdet mellom talen og skrifta, altså det lydlege og det grafiske, har stått sentralt i mykje språkvitskapleg verksemd. Jamt over har lingvistar stått for det synet som vår heimlege Marius Hægstad forfektar i sitatet ovanfor: Det talte ordet er det eigentlege uttrykket for dei mentale røynslene som språk reflekterer, medan det skrivne ordet berre er ein representasjon av talen – og derfor sekundært (jf. Coulmas, 2018). At det er fundamentale skilnader mellom tale og skrift som medieringsform, er det framleis brei semje om, men omveltingane i skriftkulturen dei siste tiåra har fått mange til å tenkje nytt om denne relasjonen. Det er særleg den massive digitaliseringa av kommunikasjonsformene som har medverka til auka medvit om kva plass skriftlegheita har i det språklege livet vårt (Androutsopolous & Busch, 2020; Barton, 2009). Men òg når vi ser bort frå denne teknologiske nyskapsnaden, er det klart at omgjenget med skrift har endra seg radikalt gjennom eit drygt hundreår. Skriftkunneforskaren Deborah Brandt (2014, s. 19) hevdar at denne utviklinga har ført oss inn i «an era of *deep writing*», og meiner med det at vi har nådd eit nytt nivå av *masseliterasitet* (eng. *mass literacy*), det ho sjølv definerer som «the nearly universal participation in meaning-making based on encoded symbols (i.e., alphabets or characters) as well as the systems and expectations that grow up around this phenomenon» (Brandt, 2009, s. 55). Skrifta stikk no djupare i kvardagserfaringane til den einskilde enn nokon gong, og av den grunn vil Brandt ha oss til å revurdere tilnærmingane til nettopp masseliterasiteten. Medan ein lenge har lagt mest vekt på leseperspektivet, er det no på tide å sjå nærare på skrivinga: «Now we must take writing seriously», formanar ho (Brandt, 2014, s. 19; jf. òg Brandt, 2015, s. 133).

---

1 Denne artikkelen er basert på eit føredrag som vart halde på 19. *møte om norsk språk* (MONS 19) i Tromsø i november 2022. Takk til tilhøyrarane som kom med respons der, og takk til *Skriftkulturs* redaktørar og anonyme konsulent for innspel til den skriftlege versjonen. Arbeidet med både føredraget og artikkelen har utspring i forskingsprosjektet *Multilektal skrivekunne i opplæringa* (MultiLit).

I løpet av det siste tiåret har ein god del sosiolingvistar følgd denne oppmodinga, og internasjonalt kan vi no sjå ei oppblomstring av ein skriftsosiolingvistikk (jf. t.d. Meletis & Dürscheid, 2022, s. 194–196). Som vi kjem attende til nedanfor, kan dette seiast å vere ei nokså krapp dreining for eit fagfelt som for det meste har rekna talespråket som det einaste lødige datagrunnlaget for vitenskaplege studiar (Lillis, 2013, s. 6). Føremålet med denne artikkelen er å drøfte føresetnadene for denne nyorienteringa og vidare sjå på potensialet for sosiolingvistiske skriftstudiar av både samtidige og historiske tekstar. Her blir det eit sentralt poeng å vise fram at den norske skriftkulturen byr på ei mengd interessante fenomen som er verdt å studere innanfor skriftsosiolingvistiske rammer.

## Eit kulturhistorisk bakteppe

Menneskja har levd med skrifa i over 5000 år, og få andre oppfinningar har hatt større innverknad på samfunnshistoria. I denne lange tidsperioden har vel å merke tilgangen til skrift og skriving vore ujamt fordelt langs fleire dimensjonar; både geografi, alder, klasse og kjønn har vore avgjerande for kva plass skrifa har hatt i livet til den einskilde. Store delar av dette tidsrommet kan med rette seiast å ha vore prega av ein *oligoliteracy*, altså ein tilstand der skriftkunna har vore avgrensa til ein liten samfunnselite (jf. t.d. Linell, 2005; Mjelve, 2004). Framleis finst det språksamfunn der dette er situasjonen, men vår del av verda – litt lettvtint omtalt som Vesten – har i løpet av nokre hundreår gått nokså eintydig i retning av ein *masseliterasitet* som inneber at skriftkunne blir rekna som ein sjølv-sagt dugleik for alle borgarar (jf. ovanfor). Og mange vil meine at framveksten av digital kommunikasjonsteknologi har tilført denne utviklinga ein drabeleg akselerasjon.<sup>2</sup> Særleg oppfinninga av Internett-tenester som

2 Andre, som t.d. Brandt (2015, s. 3), minner om at det ikkje er teknologiutviklinga åleine som står for den store auken av skriftbruk i livet til dei fleste utover på 1900-talet, men at òg andre samfunnstilhøve har skunda på – som m.a. omlegginga til ein kunnskapsøkonomi, der produksjon av kunnskap, nyheiter, informasjon osv. er langt viktigare enn konvensjonell vareproduksjon. Vannebo (1984, s. 175–180) peiker på det same frå ein norsk samanheng: Allereie seint på 1800-talet kan han påvise ei sterk framskunding i utbreiinga av skriftkunne blant nordmenn flest, og dermed blir det tydeleg at masseliterasiteten har ei vesentleg lengre historie enn den digitale epoken åleine. Dette antydgar òg ei utsegn som Omdal (1999, s. 43) kom med i ei tid der digital skriveteknologi framleis var sjeldan kost: «For det moderne mennesket er både tale og skrift

vektlegg *deltakaraspektet*, det som ifølgje Androutsopoulos (2011, s. 281) særmerkjer «The participatory-Web era», har gjort at vi for første gong i historia kan sjå for oss individ som skriv meir enn dei les.

At så mykje av omgangen vår med skrift no dreiar seg like mykje om *produksjon* som *konsumpsjon*, må vi rekne med har innverknad på kva plass skriftlegheita har i det samla språkrepertoaret vårt. Det er dette Brandt (2014) siktar til når ho snakkar om *deep writing*: Språkpraksisar som omfattar grafiske framstillingsformer, har over tid vorte så djupt røtt i oss at det ikkje utan vidare gjev meining å skilje dei frå det som i lang tid har hatt posisjonen som det «eigentlege» og primære språklege uttrykket, nemleg talen.

For å slå det fast éin gong for alle er det ingen som nektar for at talen er primær i høve til skriftinga i historisk forstand. Sjølv den fleire tusen år lange skrifthistoria blir berre eit blaff samanlikna med historia til taleevna, som strekkjer seg femti tusen, to hundre tusen eller to millionar år attover – alt etter kva teori ein vel å halde seg til (Hauser et al., 2014). Like uomtvista er det at det einskilde individet – såframt taleorgana er normalt utvikla – tek i bruk tale før skrift. Desse to kjensgjerningane må vi rekne inn som eit viktig grunnlag for den *fonosentrismen* som har dominert vitenskapleg omgang med språk frå Sokrates og Aristoteles, via Jean-Jacques Rousseau, Hermann Paul og Ferdinand de Saussure til Leonard Bloomfield og Noam Chomsky (Meletis & Dürscheid, 2022, s. 5–8). Med litt varierende argumentasjon har desse og mange fleire nedprioritert – eller beint fram desavuert – skriftleggjort språk som studieobjekt. I staden har dei gjennomgåande hevda eit fonosentrisk syn, altså ei forståing av at talen – den lydlege eksternaliseringa – er det genuine språkuttrykket.

Paradoksalt nok har fleire av desse sentrale språkforskarane fått fonosentrismen sin skipla av nærværet av skrift, ikkje minst fordi språk langt inn på 1900-talet hovudsakleg vart studert med grunnlag i skriftleg materiale. Ferdinand de Saussure var forarga over at dette skriftfokuset fekk språkgranskarane til å gløyme at vi lærer å snakke før vi lærer å skrive, og han strevde elles med å gjere greie for at skriftinga (i form av stavereglar

---

blitt integrerte deler av kommunikasjonskompetansen. Skrifflighet er i dag en så integrert del av språkkompetansen til det moderne mennesket at vi ikke så lett kan snakke om skriftspråk og talespråk som separate størrelser.»

osv.) kunne verke inn på det «eigentlege» språket, uttalen (Coulmas, 2018, s. 21). I nedteikningane *Cours de linguistique générale* (1916) går det fram at han kalla dette «la tyrannie de la lettre» 'skrifttyranniet', på engelsk gjerne omsett til «the tyranny of writing» (jf. Heller & Nerius, 2007, s. 57), og med denne seiemåten rører han ved noko av det som i sosiolingvistisk forstand er essensielt ved skriftlegheita, nemleg at ho bringar med seg ei hierarkisering av det språklege rommet.

## Age for skrifta

Skriftleggjort språk i alle sine variantar har som fellesnemnar at det jamt over har vore knytt til eit sosialt privilegium. Som vi var inne på ovanfor, var skriving (og lenge også lesing) historisk ein dugleik for dei få, og jamvel om tilstanden med oligoliterasitet no nærmast er tilbakelagd, kjem vi ikkje bort frå at denne forhistoria har gjort skriftlegheita *per se* til berar av verknadsfulle ideologiar (Swanenberg, 2020, s. 4). Det at skriftkunna gjennom hundreåra har vore eit maktmiddel for politiske, kulturelle og religiøse elitar, må vi forstå som årsaka til at skrifta for ålmenta har stått som noko opphøgd og eksklusivt – heilt inn i vår tid. Baron (2011) hevdar nemleg at allmenngjeringa av skriftkunne i løpet av den siste generasjonen har ført med seg eit *tekstideologisk* brigde, og da siktar ho til at nettopp skrifta sin historiske autoritet og opphøging har vorte kraftig svekt gjennom at mange no ser skrift og skriving som noko trivielt, lettkjøpt og prosaisk. Men om det er slik, er det i så fall ein nokså nyleg tilstand. Gjennom det meste av skrifthistoria finn vi ei mengd døme på at språkbrukarane har hatt ein særleg age for skrifta – om dei har meistra ho eller ei.

Heilt avgjerande for denne situasjonen er koplinga mellom skrift og religiøs tru. Som Holm-Olsen (1974, s. 28) seier det i *Norges litteraturhistorie*: «Kristendommen er en bokens religion; der den trengte fram, brakte den med seg bøker fra første stund». Bøker, skrift og lesing har stått sentralt i kristen ikonografi sidan mellomalderen, og så vel Gud og Jesus som apostlar, martyrar og englar finst avbilda saman med bøker eller andre skriftstykke i kyrkjekunsten (Assel & Jäger, 1999, s. 640–642). Slik har skrifta vorte eit symbol for fromskap, rettru og underkasting for

Guds påbod. Det tette sambandet mellom skriftmeistring og (rett) tru er òg starten på den masselitterasiteten vi er omgjevne av i dag. Da det pietistiske Danmark-Noreg tidleg på 1700-talet kom med dei første vedtektene om allmenn og obligatorisk skulegang i riket, var desse heilt eksplisitt kopla til utbreiinga av den rette kristne læra. Plakaten om allmugeskulen frå 1741 sa beint fram at det overordna målet var «Ungdommens behørige Oplærelse i deres Christendoms Kundskab» (Telhaug & Mediås, 2003, s. 50), og slik vart all tilgang til skriftkunne ramma inn i eit teologisk kunnskapsregime i over hundre år (Telhaug & Mediås, 2003, s. 443). Skrift og skriftmeistring stod altså i eit uløyseleg samband med «den saliggjørende Guds Kundskab», som den kongelege forordninga formulerte det, og i denne tankegangen var innføring i skriftkultur ein føresetnad for frelse (Heggli, 2021, s. 55).

Dette som vart det vanlege møtet med skrift og skrivning for nordmenn flest, må vi sjå som bakgrunnen for at skriftlegheita er knytt til ein opphøgd posisjon som i ulike gradar konnoterer ærefrykt og reinlære. Slektledd etter slektledd med skriftopplæring gjorde sitt til å prente inn ein vyrndnad for skrift som kan sporast langt inn mot vår tid – sjølv om koplinga til truslivet naturlegvis har vorte svekt i takt med den generelle sekulariseringa av samfunnet. Skulelovene frå 1848 (byskulen) og 1860 (landsallmugeskulen) la til dømes langt meir vekt på at skriftkunna var ein del av ei allmenndanning: «Kundskaber og Færdigheder, som ethvert Medlem af Samfundet bør besidde», som det står i formålsparagrafen i *Lov om Almueskolevæsenet paa Landet* av 16. mai 1860 (etter Vannebo, 1984, s. 61). Men framleis stod «en sand christelig Oplysning» som eit viktig mål for skulegangen, og kristendomskunnskap og lesing (for ein stor del av tekstar med religiøst eller moraliserande innhald)<sup>3</sup> heldt fram som heilt sentrale skulefag (Vannebo, 1984, s. 64–66).

Korleis sambandet mellom rett tru og religiøs tekstpraksis dermed kunne bli forstått som to sider av same sak, fortel ei rekkje anekdotar frå

---

3 Som Vannebo (1984, s. 64, note 2) omtaler, hadde dei tidlege lesebøkene stor overvekt av religiøse tekstar, t.d. er 100 av dei 120 sidene i Grøsgaards *Læsebog* frå 1816 lesestykke frå bibelsoga. Det er òg dokumentert at mange skular ikkje hadde egne lesebøker før langt ut på 1800-talet, og i praksis vart dermed læremidla i kristendomskunnskap ofte nytta òg i leseopplæringa (Vannebo, 1984, s. 66).

norske skulestover på 1800- og 1900-talet (jf. Heggli, 2021). Opedal (1958, s. 96) gjev t.d. att læraren Lars Mokastad (f. 1824) frå Hardanger slik: «Guds ord skal læres purt og rent», sa han Lars Mokastad. 'Ikke en bokstav skal trekkes fra, og ikke en bokstav skal legges til'. Den respekten lærlingane vart innprenta å vise overfor Guds ord, må vi òg rekne med lak over på skriftbildet i seg sjølv, og dermed kom nok mange til å oppfatte «Den heilage skrifta» som nemning for både trusinnhaldet og sjølv skriftmediet. Truskap overfor evangeliet vart tolka som truskap overfor skrifta i heilt konkret forstand, og ei historie hjå Vellesen (1968, s. 58–59) illustrerer korleis dette kunne bli til ei nærmast fundamentalistisk innstilling: I 1861 skal ei kone frå Jæren ha opponert kraftig mot uttaleforma /jæi/ for det som var skrive <jeg><sup>4</sup> i katekisma: «Men der stend daa det i bibelen, at det er 'jæg' likavæl; for daa Gud gav loven, sagde han: 'Jæg' er Herren, din Gud.» Ei slik segn er sjølv sagt overlevert på grunn av det komiske tilsnittet, men ho gjev like fullt eit innblikk i det som truleg var eit gjengs folkeleg syn på tilhøvet mellom skrift og tale. Slik kan vi òg tolke reaksjonane som kom fram da nyutdanna seminaristar bringa med seg ei uttalenorm som var meir skriftfjern, altså meir i tråd med dansk uttale. Floden (1968, s. 101–102) fortel frå skulen i Trysil omkring 1900 at mange hadde vondt for å akseptere denne utviklinga:

Dei unge som hadde vorti så leseføre, hadde lært ein ny lesemåte: Ein skulle ikkje lesa 'som det stod' no meir, ein skulle tvert i mot lesa heilt annleis. No skulle det vera 'sei' og 'mei' og 'dei' i staden for 'sig' og 'mig' og 'dig'. Daude konsonantar vart slagta ned for endes, den gamle lese måten vart riven i filler.

Den same sterke skriftlojaliteten blir spegla i noko av det namnegranskaren Oluf Rygh fortel frå datainnsamlinga si på same tida (særleg 1880-åra). Han oppsøkte lærarseminar og eksersisplassar for å finne informantar som kunne gje opplysningar om lokal uttale av stadnamn. At dette ikkje alltid var så endeframt, kan vi lese av dette avsnittet frå innleiingsbandet til *Norske Gaardnavne* (Rygh, 1898, s. x):

4 Det som er skriftformer, altså grafiske uttrykk, blir her sett i spisse klammer, <slik>. Attgjeving av uttale, altså foniske uttrykk, blir sett mellom skrårstrekar, /slik/ (eller i hakeparentesar, [slik], når fonetiske detaljar tilseier det).

At faa denne Udtale [d.e. den, som høres i daglig Tale mellom Almuesfolk] frem er ikke altid noen let Sag. Den, som forsøger derpaa, vil snart erfare, at der blandt Landsfolket er ikke liden Tilbøielighed til at betragte disse Udtaleformer som noget, der kan være godt nok til dagligt Brug, men som det ikke passer sig at bruge hverken i Skrift eller ligeovenfor Folk, der ikke selv tale Bygdemaal. Som Følge deraf faar man altfor ofte til Svar paa sit Spørgsmaal om Udtalen givet den nu vanlige Skriffthform eller en Form, som nærmer sig til denne.

Alle disse døma gjev inntrykk av kva ideologiske førestillingar som breidde seg blant nordmenn flest saman med oppøvinga av skriftkunne. Kort sagt: Det er skrifta som gjeld! Skriftdimensjonen er gjennomgåande den påakta, oppvurderte og føretrekte sida, medan det munnlege har ein annan og lågare status. Som Rygh skildrar, er det skriftforma, eller «en Form, som nærmer sig til denne», som spontant blir rapportert, og oppfatningane om kva som «passer sig» og ikkje, antydgar den hierarkiske relasjonen mellom skrift og tale.

Den sosiokulturelle historia til skriftlegheita viser altså at skrift ikkje berre er ein nøytral teknologi eller ei medieringsform, men at det dreiar seg om ein språkleg praksis som er innhylla i ein viss ideologi. Sentralt i denne ideologien er sambandet med det eksklusive, autoritative og prestisjefylte, men det er òg eit anna – og nærskylt – aspekt ved skriftlegheita som er avgjerande for å forstå den særstillinga ho har, nemleg *førestillinga om korrektheit*.

## Skriftdimensjonens sosiolingvistiske sider

Det sosiolingvistiske fagfeltet har heilt fram til omkring tusenårsskiftet vore på linje med dei fleste andre språkvitskapelege disiplinar når det gjeld synet på kva side av språket som utgjer det sentrale forskingsobjektet: Det er talen som er det «naturlege» eller «eigentlege» språket, og nettopp jakta etter det «ekte» og «autentiske» språkuttrykket, i motsetning til data frå introspeksjon, vart nærmast ei æressak for mange tidlege sosiolingvistar på 1960-talet (jf. t.d. Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 158–159). I ei mykje brukt lærebok i sosiolingvistikk skriv redaktørane ganske kategorisk i innleiingskapittelet: «[W]e are assuming that speech rather than

writing is sociolinguists' main concern» (Coupland & Jaworski, 2009, s. 5). Denne grunnhaldninga har gjort at det skrivne generelt har fått lite merksemd, men det må òg understrekast at skriftdimensjonen har vore emne for mykje sosiolingvistisk eller språksosiologisk forskning på andre måtar. Det gjeld særleg innanfor studiar av språkplanlegging og -normering i tradisjonen etter Einar Haugen og Joshua Fishman (Wright, 2016, s. 9–11). På dette feltet står nettopp skriftspråket sentralt, men da er det skrift som samfunnsfenomen, altså som politisk styrt og røkta normsystem, som blir sett i høgsetet, og i langt mindre grad autentisk (skrift)språkbruk på det individuelle planet. På mikronivået har det altså også mellom sosiolingvistar vore talen som har hatt posisjonen som «naturspråket», og som har vore datakjelda for det aller meste av forskingsverksemda.

Det er dessutan ei anna side ved språkplanlegging som utgjer ein sentral sosiolingvistisk tematikk, nemleg ideologiske aspekt ved standardisering av språk og språkleg normativitet (t.d. Milroy & Milroy, 1991). Ideen om *rettskriving*, altså førestillingar om at skriving nærmast sjølvinnlysande er relatert til eit skilje mellom korrekt og ikkje-korrekt språkbruk, har følgt med skrivekunna i mange hundreår, og iallfall sidan renessansen har konseptet *standardspråk* eller *normalspråk* vore høveleg veletablert i fleire språkkulturar, ikkje minst som resultat av at trykkekunsten frå midten av 1400-talet gjorde språkleg uniformering lettare (Brown, 2018; van der Horst, 2018). I det dansk-norske riket vart språkstandardisering eit tema først noko seinare, men utover på 1700-talet, da åtgjerdene om allmenn skrive- og leseopplæring kom til, var ideen om *rett* skriving godt utvikla, og allereie i latinskuleforordninga av 1739 vart det forlangt at elevane skulle meistre den «gode og brugelige Orthographie» (Jacobsen, 2010, s. 65). I forordninga frå 1775 vart dette enda tydelegare da det for første gong vart fastsett mål for danskopplæringa. Elevane skulle der «blive det Danske som Fædernelandets Sprog mægtig, tale og skrive samme rigtig» (sst., s. 68), og i løpet av den neste generasjonen var førestillinga om dette «rigtige» spreidd til alle domene der dansk vart skrive – ikkje minst på grunn av det stadig meir gjennomgripande skulesystemet (Pedersen, 2009, s. 57). I skriveopplæringa vart det lagt vekt på samling omkring ei smal og einskapleg språknorm, og i samtidige kjelder kjem det klart fram

at meistring av lytefri dansk var kopla til god smak, foredling av ånda og gagnleg samfunnsdeltaking (t.d. Hyvik, 2009, s. 99–104).

Slik sett var den dansk-norske skriftkulturen heilt i tråd med det vi kan rekne som normaltstanden for utbreiinga av skriftkunne i vestlege samfunn: Skriftlegheita har vore tett knytt til språkleg normering og standardisering, og det å få opplæring i skriving har vore einstyddande med opplæring i *rettskriving*. Suzanne Romaine (2000, s. 90) seier det slik: «Standardization and literacy go hand in hand since the acquisition of literacy presupposes the existence of a codified written standard, and standardization depends on the existence of a written form of language.» Det å tileigne seg skriftkunne er altså nærmast utenkjeleg utan at ein samstundes får innprenta ideen om *korrektheit* i form av lydnam mot ei føreskriven norm.

Som vi såg ovanfor, tyder mykje på at skriftlegheita, da ho kom inn i livet til nordmenn flest, frå første stund konnoterte ein særleg prestisje, noko opphøgd og vyrdeleg – ikkje minst som følge av det skriftfokuset som ligg i den lutherske maksimen «Sola scriptura»<sup>5</sup>. Men i tillegg må vi rekne inn det nære sambandet mellom skriftkunne og korrektheit, uniformitet og homogenitet, som er heilt avgjerande for den plassen skriftlegheita fekk i folks mentalitet etter kvart som masseliterasiteten breidde seg på 1800-talet. Skrivedugleik lèt seg knappast skilje frå *ortografisk* dugleik, og det å få del i skriftkunna var einstyddande med å ta til seg eit språksyn djupt røtt i sosiale og kulturelle hierarki og identitetar, der ein viss praksis på grunnlag av si *korrektheit* var overlegen andre, dvs. dei «ikkje-korrekte» formene for språk: «[S]ince defining, using and controlling standard language is the prerogative and symbol of powerful social actors, non-standard orthographies index low social and linguistic status and power» (Jaffe & Walton, 2000, s. 562).

Desse samanfløkte sosiopolitiske mekanismene som krinsar om statusen til (den korrekte) skriftlegheita, må ein sjå som bakgrunnen for at

---

5 «(Gjennom) skrifa åleine» (lat.), eit prinsipp som særleg har vorte knytt til Martin Luthers vektlegging av Bibelen – og ikkje paven eller tradisjonelle praksisar i Romarkyrkja elles – som den øvste autoriteten for kyrkja. Prinsippet er grunnlaget for den sterke framhevinga av bibellesing som kjenneteiknar protestantiske rørsler, eit skriftfokus som vidare fekk mykje å seie for utvikling av bibelversjonar på ulike folkemål (Hognestad, 2001, s. 6–7).

skriftspråket lenge har vore oppfatta som det «eigentlege» språket (jf. t.d. Mugglestone, 2007). Fleire studiar viser at språkbrukarar – vel å merke innanfor språkkulturar tufta på standardspråkideologi – ofte hevdar at talespråket er kjenneteikna av feil, inkonsekvens og ufullstendighet, og at det er mindre logisk og presist enn skriftspråket. Av dei to modalitetane skrift og tale vil fleirtalet altså gjennomgåande peike på skrifta som den beste, medan talen blir oppfatta som ein bleik kopi, ein mangelfull og unøyaktig skugge av skriftlegheita, som på si side står for det klare, einskaplege og formfullenda språket. Dessutan blir skrifta, av dei grunnane vi no har vore inne på, knytt til kultivering, danning, formellheit, korrektheit og grammatikalitet – alle saman kvalitetar som motiverer ei oppvurdering av skrift som det mest dugande og høvelege uttrykket. Slike oppfatningar kjem til synes på mange vis, men her kan vi trekkje inn eit illustrerande døme frå ein som må seiast å ha hatt ein velutvikla skrivedugleik, nemleg Knut Hamsun (1918, s. 15):

Skriftsproget holder sig altid høiere end Talesproget, ikke lavere og ikke jævnsides, men høiere, det ene er nemlig Skriftsproget, det andre Meddelelsesmidlet, Nødhjælpen, det mundlige Verktøi Mand og Mand imellem. Hvad er det for et Kultursprog som skrives som Snak?

Det kulturhistoriske forløpet vi har fått eit glimt av ovanfor, kan forklare korleis det skriftspråkelege har vorte indeksert med verdiar som seriositet, autoritet og kultivering, og dermed kvifor mange språkkulturar kviler på ein markant *grafosentrisme*, altså ei oppfatning om det skrivne som noko overlegent når det gjeld viktighet, klarleik og permansens. Dei same historiske tilhøva kastar lys over det de Saussure kalla «skrifttyranniet» (jf. ovanfor). Eit sterkt neksusforhold mellom skriftdimensjonen, språkriktigheit og høg sosial status har medverka til at sjølv språkforskarar har late seg fange av grafosentrismen. Som Linell (2005) argumenterer for, har mykje språkgransking – paradoksalt nok – gått føre seg ved hjelp av metode- og teoriverktøy som er baserte på skriftspråkelege erfaringar, det han kallar *the written language bias*. Det betyr ikkje at konkrete skrifttytringar blir lagde til grunn for forskinga, men det abstraherte systemet som skriftspråket utgjør, har fått stå som idealmodell for språkssystem meir allment, og dermed har forskarar arbeidd med

utgangspunkt i ei tilnærming som er fundert på særmerke ved skriftspråket som idé. Skriftspråket kan seiast å ha fungert som eit fikspunkt som talen har vorte studert og teoretisert ut ifrå, trass i ei uttrykt haldning om at skrifa er noko sekundært (Lillis & McKinney, 2013, s. 418).

## Den grafolingvistiske vendinga

Og dermed er vi framme ved eit viktig moment ved omgangen vår med tale og skrift som motpolar. Desse storleikane kan nemleg sjåast som ein kanonisk dikotomi som går utover det reint mediale eller materielle: På det konkrete planet er skiljet ryddig – og trivielt – nok: Det dreiar seg om at det eine er ei grafisk mediering og det andre ei fonisk. Men viktigare i mange samanhengar er det ideologiske skiljet: *Ideen* om skriftlegheita versus *ideen* om munnlegheita. Det lange samlivet vårt med desse modalitetane har ført med seg førestillingar om det idealtypisk skriftlege og det idealtypisk munnlege som altså i mange tilfelle gjer det fysisk-materielle bortimot uvesentleg. Dei fleste kan utan vidare vurdere ein viss språkbruk som «meir munnleg» enn ein annan, sjølv om det i begge høva er snakk om grafiske ytringar. Og ein tale kan òg bli oppfatta som «utprega skriftleg i forma» jamvel om han tvillaust er lydbasert.

Det at dei to medieringsmåtene lèt seg setje opp som ein dikotomi på denne måten, har av fleire språkforskarar vorte ført fram som eit argument for at det er snakk om nettopp jamstilte storleikar, der òg ein tredje prinsipielt må reknast inn, nemleg det gestuelle/taktile (t.d. teiknspråk). Det er særleg talspersonar for ei *grafolingvistisk* retning som på denne måten har poengtert at skrifa, det grafiske, kan og bør studerast språkvitenskapleg på linje med andre teiknsystem eller medieringsmåtar (Meletis & Dürscheid, 2022, s. 14–15). Det grafiske, foniske og gestuelle/taktile er alle likeverdige – men ikkje likearta – representasjonar av språk forstått som abstrakt system, og derfor er det ingen grunn til å gje talen forrang som objekt for lingvistiske studiar, sjølv om talen unekteleg kom først – i eit historisk perspektiv (Meletis & Dürscheid, 2022, s. 30–31). Innanfor ein sosiolingvistisk forståingsmåte er både tale og skrift kollektive fenomen som er sosialt situerte, som er forma av sosiale konvensjonar, og som konstituerer sosial samhandling (Swanenberg, 2020, s. 1).

Grafolingvistar avviser den klassiske tanken om at «skrift er synleg tale», og at skriftspråk derfor er noko sekundært og uvedkommande for språkvitskapleg handsaming. Dei hevdar derimot at den grafiske dimensjonen har ein autonomi som udiskutabelt gjer han til eit legitimt studieobjekt, men at granskinga må skje på sine egne premissar. Det er rett nok litt sprikande syn på kva desse premissane skal vere, og dermed òg på kor langt autonomien skal gå (Meletis & Dürscheid, 2022, kap. 2.3). Kort fortalt står dei mest autonomibaserte grafolingvistane for eit syn som seier at grafiske uttrykksformer skal kunne studerast heilt utan sideblikk til taledimensjonen, medan andre arbeider ut frå ein avhengigheitshypotese der ein reknar med at det grafiske heile tida kviler på det foniske, altså at all grafolingvistisk forskning må ta omsyn til at taledimensjonen så å seie lurar i bakgrunnen. Ei tredje fløy, som kan kallast ein slags mellomposisjon, legg til grunn ein hypotese om gjensidig avhengigheit mellom dei to modalitetane og at nettopp denne samverknaden er det som er det vitskapleg interessante.

Sosiolingvistar som utover på 2000-talet har vore med på den grafolingvistiske vendinga, kan i all hovudsak knytast til denne tredje retninga: Det er nettopp *samspelet* mellom skrift og tale – og ikkje minst dynamikken mellom skriftlegheita og munnlegheita som idealtypar – som har sosiolingvistisk potensial. Og som nemnt ovanfor har denne nyorienteringa gjennom eit par tiår ført til at vi kan snakke om ein eigen *skriftsosiolingvistikk* (m.a. Androutsopoulos & Busch, 2020; Coulmas, 2013; Jaffe & Walton, 2000; Lillis, 2013; Lillis & McKinney, 2013; Sebba, 2007; Soffer, 2010; Spitzmüller, 2013; Weth & Juffermans, 2018). At ei slik tilnærming til det skriftlege er heilt ny, er ein heller tvilsam påstand, for det finst visseleg eldre studiar av skrivning som har klare sosiolingvistiske innslag; Lars S. Vikør (2004) sine arbeid frå 1980- og 1990-åra er eit nærliggande døme, og vi kan elles trekkje fram Buhofer (1985) og Karlsson (1997), som tek for seg høvesvis sveitsisk og svensk skriftlegheit. Det er likevel rett å seie at skrifta har vorte vesentleg meir påakta av sosiolingvistiske forskarar i løpet av kort tid, og sjølv om mykje av dette kjem av auka interesse for nye kommunikasjonsformer basert på digital teknologi, kan vi også sjå teikn til ei generell *re-filologisering* av sosiolingvistikken (t.d. Schiegg, 2022, med tilvisingar). Det er ikkje berre heilt ferske

skriftuttrykk som blir studerte, men òg historisk materiale har vorte sett på med nye teoretiske briller (t.d. Nesse, 2021).

Mykje av denne relativt nye skriftsosiolingvistikken er fundert i det som blir kalla «Speaker-design theory», dvs. eit sosialkonstruktivistisk rammeverk med vekt på språkbrukaren som handlande (og intensjonelt retta) aktør som gjer kreative val av semiotiske einingar (t.d. Cutillas-Espinosa et al., 2010). I denne teorien er eit sentral moment at all semiotisk variasjon kan bli berar av sosial mening (Eckert, 2012), og da er det mindre vesentleg om meningsskapinga gjer bruk av foniske eller grafiske distinksjonar. Skriftbasert normfølging og normbrot kan inngå i registerdanningsprosessar på linje med munnleg variasjon, gjennom at visse trekk gjennom situert bruk blir tilordna ein viss indeksikalitet (Meletis & Dürscheid, 2022, kap. 3.3).

Eit slikt perspektiv står sentralt for mange av dei tilnærmingane som Eckert (2012) omtaler som «variasjonslingvistikkenes tredje bølge», og sjølv om denne bølga generelt er særmerkt av meir multimodalitet i data-tilfanget, er det mi mening at sosiolingvistar har mykje å gå på når det gjeld gransking av skriftlegheit og munnlegheit i samverknad. Det gjeld òg når ein granskar eldre språkforhold. Inge Lise Pedersen (1995, s. 55) peika i 1990-åra på kor avgjerande ei rolle skriftkunna har hatt for språkkulturen i vår del av verda: «Skriftlighedens betydning for sproghistorien kan næppe overvurderes, og det gjelder vel at mærke også talesprogets historie». Den gongen konkluderte ho med at vi «mangler at få redet ud hvad skriftligheden i sig selv har betydet» (Pedersen, 1995, 61), og sjølv om fleire sider ved den norske skriftkulturen har vorte utforska sidan den gong (jf. t.d. bidraga i Helset & Brunstad, 2019), er det framleis mykje vi vil vite om kva skriftlegheita har hatt å seie for norsk språkkultur som heilskap.

## **Kva kan ein norsk skriftsosiolingvistikk utrette?**

Som eg allereie har antyda, er den teknologiske utviklinga i seg sjølv ein viktig grunn til at refleksjonen over tilhøvet mellom skrift og tale nyleg har vorte intensivert. Studiar av digital sosial skriving gjennom dei siste to tiåra har illustrert kor kompleks skiljelinja mellom skriftlegheit og

munlegheit kan vere. Både språkvtitarar og lekfolk har – med ymsande presisjon – karakterisert den typiske språkbruken på digitale plattformer som «ein slags mellomting mellom skrift og tale», men når vi veit at det fysiske-materielle sett berre er snakk om skrift, altså det grafiske, blir det klart at opplevinga av hybriditet ligg på idéplanet. Prinsipielt sett er òg det som på norsk har vorte kalla «snakkeskriving», ein reint grafisk praksis, men likevel kjennest det altså så naturleg å relatere dette språklege uttrykket til det munnlege.<sup>6</sup>

Det er fleire som har reaktualisert eit omgrepsspar frå 1980-talet for å teoretisere den utviklinga dei påviser i det skriftlege domenet på 2000-talet. Dei tyske tekstforskarane Peter Koch og Wulf Oesterreicher lanserte i 1980-åra termene «konseptuell munnlegheit» og «konseptuell skriftlegheit» for å få betre grep om skilnader mellom ulike teksttypar som ikkje kunne relaterast til reelt materielle forskjellar (Koch & Oesterreicher, 1985, 2012). «Konseptuell» viser altså her til nettopp idéplanet og legg til grunn at vi ser på det munnlege og det skriftlege like mykje som idealtypar som konkrete medieringsformer. Dermed kan det gje meining å omtale ein skriftleg tekst som «munleg i stilen» eller eit munnleg foredrag som «bokaktig og papirknitrande». Visse språkleg-kommunikative særtekk, som vi kjenner frå erfaringar med ulike tekstnormer, ligg til grunn for kategoriseringa vår, medan den faktiske medieringa blir mindre relevant (t.d. Biber, 2011). Det vi egentleg meiner når vi brukar omgrep som «snakkeskriving» om skriftpraksisane i nye, sosiale medium, er ei kommunikasjonsform som har mange trekk frå det vi opplever som det typisk munnlege.

Denne tendensen er eit hovudmønster i veldig mykje av den digitale sosiale skrivinga som er studert hittil (Androutsopoulos, 2011; Androutsopoulos & Busch, 2020). Med omgrep som «sekundær munnlegheit» (eng. *secondary orality*), «tekstuell oralitet» (eng. *textual orality*), «taus munnlegheit» (eng. *silent orality*), «simulert munnlegheit»

---

6 Det same gjeld «chat» og «chatting» på engelsk, som tradisjonelt har vore brukt om munnleg konversasjon, men som i digitale nettverk naturleg nok går føre seg ved hjelp av skriftlege teikn (t.d. Soffer, 2010). «Snakkeskriving» dukka opp som ei omsetjing av eng. *saywriting* i samband med IKT-basert læring tidleg på 2000-talet (t.d. Lysø & Moen, 2003, s. 11), og omgrepet vart for alvor sett i ein norskfagleg samanheng med Rotevatns (2014) mastergradsoppgåve.

(eng. *enacted orality, staged orality*) m.v. har ein prøvd å få grep om den utviklinga ein ser i skriftbruken (t.d. Soffer, 2010, 2020). Androutsopoulos (2011) peikar på at «vernacularisation» er eit overordna særdrag ved dei nye skriftpraksisane, og sjølv om det engelske «vernacular» er notorisk vanskeleg å omsetje til norsk, kan vi slå fast at det dreiar seg om ei opphoping av trekk frå daglegtalen, det ikkje-standardiserte, det folkelege og dialektale, dvs. den (konseptuelt) munnlege dimensjonen. Eit vell av nye granskingar av digital sosial skriving får fram døme på at skriftlegheita har mange innslag av det vi kjenner som typisk munnlege trekk. Vi kan altså seie at «det som høyrer det munnlege til», har trengt inn på skriftlege domene og på ulike vis rokka ved det som i vår språkkultur er idealtypisk skriftlegheit.

Denne prototypen er, som vi allereie har vore inne på, sterkt prega av ei lang historie med kopling til det kultiverte, standardiserte og kodifiserte. Sjølv om standardiseringsåtgjerder òg kan gjelde det munnlege, er det skrifter som er det typiske objektet for slike preskriptive regime, og dermed blir dette aspektet ein viktig del av motsetninga mellom «konseptuell skriftlegheit» og «konseptuell munnlegheit». «The vernacular», uansett korleis ein vel å omsetje det til norsk, står som motpolen til idealtypen «skriftspråket», og alle avvik frå den (oftast) strengt normerte skrivinga vil potensielt konnotere «munnleg folkemålspraksis». Denne tankegangen ligg til grunn for termen «dialektskriving» (jf. det engelske «vernacular writing»), som ein kan finne i mange norske studiar av digital sosial skriving.

Eg meiner vi bør vere forsiktige med utan vidare å kategorisere alle avvik frå den forventa skriftlegheita som «dialektskriving». Ei slik ukritisk klassifisering kan seiest å vere eit utkomme av det *skrifttyranniet* vi har vore inne på, gjennom at ein reknar med at skrifter sin «eigentlege natur» er den monolittiske og einskaplege norma, standardtilstanden i si reinaste form. Viss alle brot mot offisiell og anerkjend ortografi blir putta i same sekken, kan ein gå glipp av mykje interessant variasjon – ikkje minst sett frå ein grafolingvistisk synsvinkel.

Vi har etter kvart fått ein del strukturert innsikt i dei digitale skriftpraksisane til (særleg yngre) nordmenn, og mange av dei rapporterer at dei «skriv dialekt» i sosiale medium (Helset, 2021; Vangsnes, 2019). Kva

som ligg i «å skrive dialekt», har vi derimot mindre djuptgåande kunnskap om, men fleire studiar antyd at det langt ifrå handlar om noggrann skriftleggjer av faktisk tale, altså ein slags beinveges transkripsjon av lyd til skrift. Det vi finn, er eit stort mangfald av grafiske uttrykksmåtar, der mange element kan tolkast som forsøk på å «tale til auget», altså som skriftfesting av «noko som kunne ha komme ut av munnen på avsendaren». Men korleis skrivarane går fram for å indikere dette, varierer, og heller ikkje den enkelte skrivaren er alltid konsekvent eller einfelt i stavinga si (t.d. Mølstad, 2023).

Eit viktig argument for at desse varierande skriftpraksisane må fin-siktast nøyare, er at vi ofte treffer på grafiske uttrykk som på ulike måtar kan seiast å følgje skriftlegheitas logikk, og som ikkje utan vidare kan forståast som «munnlege innslag». Eit konkret døme kan vere strengen <Her hva det nok å jobbe med>, som ein nordlending skreiv i ei open Facebook-gruppe for få år sidan. Elementet <hva>, som vi kan tolke som ei atgjeving av preteritumsforma /va/ (var), er det einaste normbrotet her jamført med offisiell rettskriving, men det er ikkje dermed sagt at ytringa beintfram kan sorterast som «dialektskriving». Som grafolingvistane Meletis og Dürscheid (2022, s. 195) poengterer, er det meste av skrivinga vår «done through the filter of orthography in a sphere in which normativity has become the benchmark». Den nordnorske skrivaren produserer altså <hva> for /va/ med ein <h> som ikkje har støtte i uttalen, men som blir oppfatta som «det rette» ut ifrå ein slags ortografisk intuisjon. Det at mange ord som blir uttalte med [v] i framlyd, i den dominerande norske rettskrivingsnorma har <h> som første grafem i skrift, ser ut til å operere som ei naturalisert rettesnor for stavemåten, sjølv når vi reknar med at skrivaren vil få fram ein munnleg variant. Dette illustrerer eit anna sentralt poeng hjå Meletis og Dürscheid (s. 195, kursivering som i originalen):

[I]t is not orthography in the sense of the systematic norm constraining the resources of a writing system that is of primary relevance but orthographic ideologies, i.e., what users *believe* to be orthography, what they believe is correct.

Skrivaren i dømet over kan altså tenkjast å *oppfatte* stavinga av <hva> som ortografisk rett, samstundes som det er eit intendert innslag av noko talemålsnært, altså eit ortografisk brot. Så innfløkt kan hopehavet

mellom skrift og tale – som konseptuelle storleikar – vere, og for å forstå denne samverknaden treng vi meir finstilte granskningar – gjerne baserte på grafolingvistiske prinsipp som trekkjer inn fleire av særdraga i skrift-dimensjonen, og gjerne med vekt på *emiske* forståingsmåtar, altså kartlegging av språkbrukaren sine eigne oppfatningar og intensjonar.

Også frå eldre steg i skriftspråkhistoria vår finst det mange døme på at skrift- og taledimensjonen – og dei tilhøyrande ortografiske og ortopediske ideologiane – har verka inn på kvarandre. Her skal vi sjå kort på to døme for å vise kva slags fenomen som kan vere aktuelle for skriftsosi-olingvistisk nærlesing: Det første og eldste dømet dreiar seg om bakgrunnen for at ein del nordmenn i dag brukar uttalevarianten [selgə] (nyn. *selje*). For å forstå korleis det vart slik, må vi trekkje inn nettopp samspelet mellom skrift og tale – og den særlege autoriteten i skriftinga. Den danske uttalen av det som på norrønt var *bylgja*, *fylgja*, *galgi* og *svelgja* mfl., var ved inngangen til 1700-talet stort sett med ein palatal approksimant, [j], altså noko slikt som [bøljə], [føljə] osv. I stavinga var likevel historisk <g> vidareført. Utover på 1700-talet vart staving med <g> det vanlege òg i nokre ord utan historisk <g>, men med uttale med [j], som [seljə] (norr. *selja*) og [vəljə] (norr. *velja*). Dermed oppstod variantane <sælge> og <vælge> analogisk med den større ordgruppa der prinsippet «[lj] = <lg>» låg under. Dansk uttale var uansett med [j] (eller [ll]), men da dei danske skriftformene kom inn i den norske språkkulturen, der idealet «å lese som det stod» vog tungt (jf. ovanfor), vart dei til uttalen [selgə]<sup>7</sup> og [velgə] (og dei tilhøyrande substantiva [salg] og [valg]). Den uttalen finn vi som den rådande i mykje søraustlandsk tale i dag, og dei fleste vil truleg velje ein slik uttalemåte når dei les bokmålstekstar høgt.

Eit nyare døme er <gæren>, som har vore offisielt normert i bokmål sidan 1984. Bakgrunnen er det faktumet at dei retroflekse lydane som storparten av norske talemål har, stikk seg ut i jamføring med dansk uttale, der dei er bortimot heilt fråverande. Dette trekket har altså i lang tid hatt eit potensial som særnorsk symbolform, og utover frå 1880-åra

7 Ifølgje Krogsrud og Seip (1939, s. 29) «vakler uttalen» mellom [selle]- og [selge]- i 1930-åra, og eit raskt søk i NoTa-Oslo-materialet (talespråkskorpus med opptak av 166 informantar frå Oslo og Oslo-området, tilgjengeleg her: <http://www.tekstlab.uio.no/nota/oslo/>) viser at han framleis gjer det i det nye tusenåret.

finn vi ein god del døme på at retrofleks uttale vart markert i skrift når «norskheit», og da særleg *talt* norskheit, skulle framhevast. Dette gjekk føre seg gjennom eit komplekst samspel mellom uttale og stavingsprinsipp. Fordi sambanda *rn* og *rt* jamt over blir uttalte retroflekt i mykje av det norske, har desse vorte nytta som retrofleksmarkørar sjølv om bakgrunnen like gjerne er ein retrofleks flapp («tjukk l»). Skrivarane vel altså ein stavemåte som blir avkoda med ein viss «klang», til å uttrykke liknande lydar med eit anna opphav. Dét krev sitt av avkodaren. Norrønt *galinn*, som fleire stader har fått uttalen [²gæ:ŋ], har lenge vorte skriffesta som <gærn> eller <gæren>, sjølv om det ikkje finst etymologisk dekning for <r>-en. Men etter omtrent hundre års bruk i skrift<sup>8</sup> var varianten så etablert at han vart del av bokmålsnorma. Det same prinsippet ligg til grunn for former som <mart> (*malt*), <fært> (*fælt*), <kvært> (*kvelt*), <fortarte> (*fortalte*), <himmern> (*himmelen*) og mange fleire som vi kan støyte på i aviser og blad frå tida omkring 1900. I ein noko nyare tekst, nemleg den norske utgåva av romanen *Hackendahl gir sig ikke* av Hans Fallada (1940), finn vi <gammer'n> i ein replikk som elles er ein sann godbit for ein skriftsosiologvist:

<Og hvis gammer'n din hiver dig ut, skarru komma tel mig>

Her ser vi dei skriftnormlojale formene *hvis*, *dig* og *mig* side om side med det rotiserte *skarru*, det lågna *tel* og ein jamvektsinfinitiv. Og så kjem <gammer'n> med ein stavemåte som forlanger at lesaren heng med på polyvalensen til sambandet *rn*. Utgangspunktet er *gammelen* (altså 'den gamle [mannspersonen]'), som i mange talemål har uttalen [¹gamen]. For å sikre at mottakaren les inn den retroflekse uttalen, vel skrivaren ein stavemåte med <r> sjølv om altså opphavet er ein annan lyd. Det er elles interessant at apostrof er brukt for å indikere at noko er utelate, men her gjev det berre meining at det er *skrifteiknet* <e> som er borte, for *lyden* [e] *må* vere borte for at [r] og [n] skal møtast og bli til [ŋ] – det som altså blir uttrykt i skriftsekvensen <r'n>.<sup>9</sup>

8 Eit søk i Nasjonalbibliotekets digitale basar viser at <gæren> iallfall finst så langt attende som i 1887, da i romanen *Stykgods* av Anton W. Wetlesen (Giertsens Forlag).

9 Eit tillegg til det ein kan kalle ein sosiosemiotisk analyse av apostrofteiknet i ein norsk brukssamanheng, finn ein elles hos Hårstad, Mæhlum & van Ommeren (2021, s. 148).

Dette siste fenomenet kan òg forståast som eit døme på det som blir kalla *augedialekt* (eng. *eye-dialect*), og som så avgjort er eit uutnytta skriftsosiolingvistisk emne i Noreg. Omgrepet viser til alternative stavemåtar som utelukkande har som funksjon å framheve noko (standardspråk-) avvikande utan at det er motivert av faktiske fonologiske distinksjonar knytte til talen (t.d. Wolfram & Schilling-Estes, 1998, s. 308). Det handlar altså om å «tale til auget» ved at ein får mottakaren til å *sjå* munnlegheit gjennom skrift, eller som Wentworth (1944, s. 203) definerer det: «Eye-Dialect is phonetic respelling of words, not in order to show a mispronunciation, but merely to burlesque the words or their speaker». Eit døme på det er stavemåtane <skjittnervøs>, <skjittflaks> og <skjittunge>, som ein kan finne fleire ferske døme på i norske aviser. Det første leddet har i begge tilfella ein ekstra <j> jamført med rettskrivingsnormene, men ein kan neppe tenkje seg at denne er med for å markere ein særleg uttale: Både <skit> og <skjit> vil bli gjeve att som [ʃi:t] i høgtlesing. Den intensjonale «feilstavinga» må altså forklarast som eit forsøk på å framheve det særleg munnlege eller kanskje òg folkelege, joviale eller uvørdne ved ytringa.

Eldre norske tekstkjelder har ei ovmengd av denne forma for utnytting av grafiske distinksjonar, og her er framleis mykje ugjort for forskarar. Det gjeld til dømes dei mange døma på framstilling av «aksent» gjennom slike augedialekt-fenomen. Bortimot to hundre år med aviser, magasin og vekeblad kan gje oss innsikter i korleis ulike minoritetar, grupper og typar har vorte tillagde ein viss talestil gjennom skrift. Både jødar, samar og danskar har vorte karikerte – meir eller mindre godlynt – på denne måten, men så langt har veldig lite av dette vore tema for skriftsosiolingvistiske studiar.<sup>10</sup> For å nemne berre eitt døme kan vi sjå på figuren Kanelius Kommelhåjen, i samtida omtalt som «*Arbeideravisens* pussige finnkall». Han vart skapt i 1920-åra av Harald Langhelle, redaksjonssekretær i *Arbeider-Avisa*, som fram til 1941 med ujamne mellomrom sette på trykk tekstar med samene Kommelhåjen som avsendar. Dei var i hovudsak diverse naivistiske eller snusfornuftige betraktningar om

<sup>10</sup> Lien (2015) er ei pressehistorisk avhandling om framstilling av jødar i norsk dags- og vittighetspresse tidleg på 1900-talet. I Hårstad (u.u.) blir ein del av dei språklege aspekta som inngår i desse karikaturane, drøfta med vekt på skriftlegheita.

aktuelle politiske saker – skrivne på ei språkform som skulle lesast som «lyden av sameaksent», altså norsk med substrat av samisk. Dette kunne sjå slik ut:

<Æh ser han nye plaen ‘Arpeider-avisa’ æ kommen og æh må send ein skriv åt dæg redaktøre og sei han va ein goe pla> (18.3.1924)

<Vi komme Dronjæm ok skal sele reintirskinn ok tørkakjøtt ok babirgniver, ok han gå pra> (14.9.1929)

Da Langhelle døydde i 1942, var det fleire aviser (m.a. *Nordlys* og *Nordlands Framtid*) som førte figuren og språkdrakta vidare, og samstundes fanst det ei rekkje liknande fiktive spaltistar, som *Ainners me lainne*, *Saras-Saras*, *Heika*, *Jonte*, *Anters Langvain* og *Mattis Mattisen*, som var på trykk med «pseudo-samisk» heilt fram til 1960-åra. Dette materialet kan ein nærme seg med fleire teoretiske verktøy, men eg meiner det er opplagt at sjølve den formale sida av slik stilisering er verdt ei gransking.

## Avsluttande merknader

Eg har i denne teksten argumentert for at endringar i språkkulturen vår krev andre språkvitskaplege tilnærmingar til skriftdimensjonen – som i stor grad har vorte halden utanom det ein kan kalle normalparadigma. Som Meletis & Dürscheid (2022, s. 27–28) understrekar, er det i vår tid uholdbart å sjå kvardagslivet som eit primært munnleg domene ettersom så mange samhandlingssituasjonar like godt – eller kanskje betre – kan gjennomførast med skriftlege uttrykksformer. Sameleis slår Blommaert (2013, s. 442) fast at skiljet mellom *språk* og *skrivning* er lite fruktbart, og at vi har mykje å vinne på å gå bort frå den historiske omgangen med skrift som noko anna enn språk, som vi har vore inne på ovanfor:

If we [...] unthink the unproductive distinction between ‘language’ and ‘writing’, we can distinguish several specific sets of resources that are required for writing: from infrastructural ones, over graphic ones, linguistic, semantic, pragmatic and metapragmatic ones, to social and cultural ones.

Den utviklinga som vi har sett i det skriftlege domenet særleg dei siste par tiåra, inneber ei heterogenisering og diversifisering av språkkulturen, som

framfor alt dreiar seg om nye ressursar og strategiar for meiningsskaping gjennom skrift (Swanenberg, 2020). Ettersom skriftlegheita historisk har vore så tett knytt til det preskriptive, altså standardspråkideologiar, kan mykje av denne utviklinga tolkast som *avstandardiseringsprosessar*. Og som vi har vore inne på ovanfor, har nettopp «vernacularisation», som på norsk kanskje kan vere *folkeleggjering*, vore utpeikt som ein hovudtendens i endringane av skriftkulturen. Dei nye skriftpraksisane blir sette i samband med ein post-standardisert tilstand etter om lag fem hundre år med standardspråket som einerådande normideal, medan andre meiner at diversifiseringa i høg grad vidarefører det normative aspektet, slik at vi heller må rekne inn standardnormer som del av eit *polysentrisk* normmangfald (t.d. Grondelaers, van Gent & van Hout, 2016; van der Horst, 2018). Og nettopp dømet med <hva> ovanfor kan tolkast som eit teikn på at ei *korrektheitstenking* – ein avleggjar av standardspråkideologien – står sterkt, sjølv i kontekstar der «folkeleg staving» eller andre avvik frå standardnorma er intensjonen.

Uansett kva syn ein har på dette, er det opplagt at mange språklege praksisformer i vår tid reaktualiserer samspelet mellom tale og skrift, og derfor må språkvitskaplege tilnærmingar til moderne språkkultur leggje til grunn at skriftleggjort språk er like «naturleg» og «autentisk» som talespråket. Og det er særleg grunn til at sosiolingvistar, som jamt over har hatt ei sjølvforståing som *talespråkforskarar*, skal ta til seg ei meir open og inkluderande haldning til det skriftmedierte (Lillis, 2013, s. 12).

Ein annan bodskap eg har ønskt å få fram, er at skriftsosiolingvistiske studiar ikkje berre skal ta for seg den nyaste – og kan hende rekordmangfelte – skriftkulturen, men at det òg må vere rom for å sjå på eldre skrivepraksisar med dei same teoriverktøya. Fleire av dei fenomena vi kjenner att som typiske for den ekspansive digitale sosiale skrivinga, har vore i spel i lang tid, og ei utførleg forståing av det Spitzmüller (2012, s. 256) har kalla *graphic ideologies*, dvs. «sets of beliefs attributed to and expressed by means of graphic phenomena», krev ei historisk djupn. Det gjeld ikkje minst i ein skriftkultur med så mange særdrag som den norske, der normering og omnormering har skjedd side om side med stendige førekomstar av det vi i dag vil kalle «dialektskriving». For å gjere eit

nokså tilfeldig nedslag i denne enorme tekstmengda kan vi sjå på *Tromsø-Tidende*, ein elles strengt normert skriftarena, som den 20. juni 1852 prenta ein lang tekst basert på lokalt talemål. Overskrifta er slik: <Kain de gaa ain aa faa Helgeleinneran væk, naar Formainskape vil hjælpes til>. Liknande døme vil vi kunne finne i utal viss vi fingranskar dei påfølgjande hundre og sytti åra med trykt skrift. I aviser, vekeblad og romanar frå heile perioden finst det spor av den skriftbaserte normpluraliteten som har vorte så iaugefallande i vår tid. Her ligg det store og interessante oppgåver for ein norsk skriftsosiolingvistikk.

## Abstract

Written cultures are dynamic socio-historical phenomena under the influence of a multitude of social factors – phenomena which are also part of more wide-ranging complexes, namely *language cultures*. Descriptions of the language culture of our time often emphasize increased pluralization and vernacularization, and at the same time, literacy is said to have gained a progressively larger place in most people’s lives, a state that is referred to as *mass literacy*. The rise of digital technology that facilitates new forms of written interaction is expressly considered a catalyst of changes in written culture – and thus in language culture. The article discusses how this development may have affected the domain of writing, and further how the relationship between speech and writing – and our perceptions of this canonical binarity – may have changed. A main aim is to point to the potential for sociolinguistic explorations of the written dimension – both contemporary and historical – and to demonstrate that this requires a reorientation in the direction of a sociolinguistics of writing.

Stian Hårstad

Institutt for språk og litteratur

Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet (NTNU)

7491 Trondheim

stian.haarstad@ntnu.no

## Litteraturliste

- Androutsopoulos, J. (2011). From variation to heteroglossia in the study of computer-mediated discourse. I C. Thurlow & K. Mroczek (Red.), *Digital Discourse: Language in the New Media* (s. 277–298). Oxford University Press. <https://doi.org/10.1093/acprof:oso/9780199795437.003.0013>
- Androutsopoulos, J. & Busch, F. (2020). Register des Graphischen. Skizze eines Forschungsansatzes. I J. Androutsopoulos & F. Busch (Red.), *Register des Graphischen. Variation, Interaktion und Reflexion in der digitalen Schriftlichkeit* (s. 1–30). De Gruyter. <https://doi.org/10.1515/9783110673241-001>
- Assel, J. & Jäger, G. (1999). Zur Ikonographie des Lesens – Darstellungen von Leser(inne)n und des Lesens im Bild. I B. Franzmann, K. Hasemann, D. Löffler & E. Schön (Red.), *Handbuch Lesen* (s. 638–673). K.G. Saur. <https://doi.org/10.1515/9783110961898.638>
- Baron, N. S. (2011). Assessing the Internet's impact on language. I M. Consalvo & C. Ess (Red.), *The Handbook of Internet Studies* (s. 117–136). Wiley-Blackwell. <https://doi.org/10.1002/9781444314861.ch6>
- Barton, D. (2009). Understanding textual practices in a changing world. I M. Baynham & M. Prinsloo (Red.), *The future of literacy studies* (s. 38–53). Palgrave Macmillan. [https://doi.org/10.1057/9780230245693\\_3](https://doi.org/10.1057/9780230245693_3)
- Biber, D. (2011). Speech and writing: linguistic styles enabled by the technology of literacy. I G. Andersen & K. Aijmer (Red.), *Pragmatics of Society* (s. 137–152). De Gruyter Mouton. <https://doi.org/10.1515/9783110214420.137>
- Blommaert, J. (2013). Writing as a sociolinguistic object. *Journal of Sociolinguistics*, 17(4), 440–459. <https://doi.org/10.1111/josl.12042>
- Brandt, D. (2009). Writing over reading: New directions in mass literacy. I M. Baynham & M. Prinsloo (Red.), *The future of literacy studies* (s. 54–74). Palgrave Macmillan.
- Brandt, D. (2014). Deep writing. New Directions in Mass Literacy. I A.-C. Edlund, L.-E. Edlund & S. Haugen (Red.), *Vernacular Literacies – Past, Present and Future* (s. 15–28). Umeå University / Royal Skyttean Society.
- Brandt, D. (2015). *The Rise of Writing. Redefining Mass Literacy*. Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/CBO9781316106372>
- Brown, J. (2018). Language history from below: Standardization and Koineization in Renaissance Italy. *Journal of Historical Sociolinguistics*, 6(1), Art. nr. 20180017. <https://doi.org/10.1515/jhsl-2018-0017>
- Buhofer, A. H. (1985). *Schriftlichkeit im Alltag. Theoretische und empirische Aspekte – am Beispiel eines Schweizer Industriebetriebs*. Zürcher Germanistische Studien 2. Peter Lang.
- Coulmas, F. (2013). *Writing and society*. Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/CBO9781139061063>.

- Coulmas, F. (2018). Revisiting the 'Tyranny of Writing'. I C. Weth & K. Juffermans (Red.), *The Tyranny of Writing: Ideologies of the Written Word* (s. 19–30). Bloomsbury Academic. <http://doi.org/10.5040/9781474292436.0006>
- Coupland, N. & Jaworski, A. (2009). *The New Sociolinguistics Reader* (2. utg.). Bloomsbury.
- Cutillas-Espinosa, J., Hernández-Campoy, J. & Schilling-Estes, N. (2010). Hypervernacularisation and speaker design: A case study. *Folia Linguistica*, 44(1), 31–52. <https://doi.org/10.1515/flin.2010.002>
- Eckert, P. (2012). Three Waves of Variation Study: The Emergence of Meaning in the Study of Sociolinguistic Variation. *Annual Review of Anthropology*, 41, 87–100. <https://doi.org/10.1146/annurev-anthro-092611-145828>
- Floden, H. (1968). *Ein fjellgard*. Norsk folkeminnelags skrifter 102. Universitetsforlaget.
- Grondelaers, S., van Gent, P. & van Hout, R. (2016). Destandardization is not destandardization. Revising standardness criteria in order to revisit standard language typologies in the Low Countries. *Taal en Tongval*, 68(2), 119–149.
- Hamsun, K. (1918). *Sproget i Fare*. Gyldendal.
- Hauser, M. D., Yang, C., Berwick, R. C., Tattersall, I., Ryan, M. J., Watumull, J., Chomsky, N. & Lewontin, R. C. (2014). The mystery of language evolution. *Frontiers in psychology*, 5, 401. <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2014.00401>
- Heller, K. & Nerius, D. (2007). Zur Stellung der geschriebenen Sprache und Orthographie in der neueren Linguistik. I D. Nerius (Red.), *Deutsche Orthographie* (s. 55–72) (4. utg.). Olms.
- Helset, S. J. (2021). Norm competence among multilingual youth in Western Norway. *Linguistic Minorities in Europe Online (LME)*, 2. <https://doi.org/10.1515/lme.14813238>
- Helset, S. J. & Brunstad, E. (Red.). (2019). *Skriftkulturstudiar i ei brytingstid*. Skriftkultur nr. 1. Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.67>
- Heggli, G. (2021). *Omgangsskolelæreren i allmueskolen. Leseopplæring mellom tekster og talemål*. Scandinavian Academic Press.
- Hognestad, O. (2001). *Bibelsyn, bibeltolking, bibelforskning*. Tapir Akademisk Forlag.
- Holm-Olsen, L. (1974). Middelalderens litteratur i Norge. I L. Holm-Olsen & K. Heggelund, *Fra runene til Norske Selskab* (s. 19–336). Band 1 av *Norges litteraturhistorie* (Red. E. Beyer). J. W. Cappelens forlag.
- Hyvik, J. J. (2009). *Språk og nasjon 1739–1868. Norsk målreising I*. Det Norske Samlaget.
- Hægstad, M. (1904). *Norsk maalsoga for skule og heim*. Norske folkeskrifter 22. Norigs Ungdomslag / Studentmaallaget.
- Hårstad, S. (u.u.). «Jai ær en ærligh Jude». Språklig stilisering av «jødiskhet» i norsk offentlighet frem til 1940. Under utgjeving i *Tijdschrift voor Skandinavistiek* (ISSN 1875-9505) vinteren 2023.

- Hårstad, S., Lohndal, T. & Mæhlum, B. (2017). *Innganger til språkvitenskap. Teori, metode og faghistorie*. Cappelen Damm Akademisk.
- Hårstad, S., Mæhlum, B. & van Ommeren, R. (2021). *Blikk for språk. Sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Jacobsen, H. G. (2010). *Ret og skrift. Officiel dansk retskrivning 1739–2005. Bind 1: Direktiver, aktører, normer*. Dansk Sprognævns skrifter 42. Syddansk Universitetsforlag.
- Jaffe, A., Androutsopoulos, J., Sebba, M. & Johnson, S. (Red.). (2012). *Orthography as Social Action. Scripts, Spelling, Identity and Power*. De Gruyter Mouton.
- Jaffe, A. & Walton, S. (2000). The voices people read: Orthography and the representation of non-standard speech. *Journal of Sociolinguistics*, 4(4), 561–587.
- Karlsson, A.-M. (1997). Textnormer i och utanför skolan – att skriva insändare på riktigt och på låtsas. I G. Håkansson, L. Lötmarker, L. Santesson, J. Svensson & Å. Viberg (Red.), *Svenskans beskrivning 22* (s. 172–186). Lund University Press.
- Koch, P. & Oesterreicher, W. (1985). Sprache der Nähe – Sprache der Distanz. Mündlichkeit und Schriftlichkeit im Spannungsfeld von Sprachtheorie und Sprachgeschichte. *Romanistisches Jahrbuch*, 36(1), 15–43. <https://doi.org/10.1515/9783110244922.15>
- Koch, P. & Oesterreicher, W. (2012). Language of immediacy – language of distance: Orality and literacy from the perspective of language theory and linguistic history. I C. Lange, B. Weber & G. Wolf (Red.), *Communicative spaces: Variation, contact, and change – Papers in honour of Ursula Schaefer* (s. 441–473). Peter Lang.
- Krogsrud, T. & Seip, D. A. (1939). *Norsk rettskrivningslære* (11. utg.). Steenske forlag.
- Lien, L. (2015). «– pressen kan kun skrive ondt om jøderne»: jøden som kulturell konstruksjon i norsk dags- og vittighetspresse 1905–1925. Avhandling for graden ph.d. Universitetet i Oslo, Det humanistiske fakultet.
- Lillis, T. (2013). *The Sociolinguistics of Writing*. Edinburgh University Press. <https://doi.org/10.1515/9780748637492>
- Lillis, T. & McKinney, C. (2013). The sociolinguistics of writing in a global context: Objects, lenses, consequences. *Journal of Sociolinguistics*, 17(4), 415–439. <https://doi.org/10.1111/josl.12046>
- Linell, P. (2005). *The written language bias in linguistics. Its nature, origin and transformations*. Routledge.
- Lysø, K. O. & Moen, M. L. (Red.). (2003). *IKT-støttet lærerutdanning: Erfaringer og utfordringer. Rapport fra konferanse 19.–20. september 2002*. HiST ALT notat nr. 4. Høgskolen i Sør-Trøndelag.
- Meletis, D. & Dürscheid, C. (2022). *Writing Systems and Their Use. An Overview of Grapholinguistics*. De Gruyter. <https://doi.org/10.1515/9783110757835>
- Milroy, J. & Milroy, L. (1991). *Authority in language: Investigating language prescription and standardisation*. Routledge. <https://doi.org/10.4324/9780203124666>

- Mjelve, L. (2004). Skriftkultur – kva er det? Skriftkultur og ålmentefigurasjonar frå mellomalderen til moderne tid. I K. L. Berge, T. G. Dahl & S. Walton (Red.), *Skriftkultur* (s. 15–42). Norsk Sakprosa nr. 10. Norsk Sakprosa / INL (UiO).
- Mugglestone, L. (2007). *Talking Proper: The Rise of Accent as Social Symbol* (2. utg.). Oxford University Press. <https://doi.org/10.1093/acprof:oso/9780199250622.001.0001>
- Mølstad, A. (2023). *Normmangfold på sosiale medier – en studie av digital sosial skriving blant ungdomsskoleelever i en kommune på Vestlandet* [Mastergradsoppgåve i grunnskolelærerutdanning, Høgskulen på Vestlandet]. Digital versjon: <https://hdl.handle.net/11250/3074280>
- Nesse, A. (2021). En analyse av språket i Anna Hansdatter Tormods brev fra perioden 1714–1722. *Maal og Minne*, 113(1), 99–129. <https://doi.org/10.52145/mom.v113i1.1952>
- Omdal, H. (1999). Om norsk skriftspråk og forholdet til talemålet. I M. Engebretsen & J. Svennevig (Red.), *Mediet teller! Tverrfaglige perspektiv på skrift og tale* (s. 27–45). Høgskolen i Agder.
- Opedal, H. (1958). *Makter og menneske*. Folkeminne frå Hardanger IX. Norsk folkeminnelag.
- Pedersen, I. L. (1995). Talesprogsforskning og sproghistorie. I B. Holmberg (Red.), *Sproghistorie i 90'erne* (s. 33–70). Selskab for Nordisk Filologi.
- Pedersen, I. L. (2005). Processes of standardisation in Scandinavia. I P. Auer, F. Hinskens & P. Kerswill (Red.), *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages* (s. 171–195). Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/CBO9780511486623>
- Rotevatn, A. G. (2014). *Språk i spagaten. Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar* [Mastergradsoppgåve i nynorsk skriftkultur, Høgskulen i Volda]. Digital versjon: <http://hdl.handle.net/11250/2357530>
- Rygh, O. (1898). *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning*. W. C. Fabritius & Sønner.
- Saussure, F. de (1916). *Cours de linguistique générale*. Utg. av C. Bally og A. Sechehay. Payot.
- Schiegg, M. (2022). *Flexible Schreiber in der Sprachgeschichte. Intraindividuelle Variation in Patientenbriefen (1850–1936)*. Germanistische Bibliothek Band 75. Universitätsverlag Winter. <https://doi.org/10.33675/2022-82538575>
- Sebba, M. (2007). *Spelling and Society: The culture and politics of orthography around the world*. Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/CBO9780511486739>
- Soffer, O. (2010). 'Silent Orality'. Toward a Conceptualization of the Digital Oral Features in CMC and SMS Texts. *Communication Theory*, 20(4), 387–404. <https://doi.org/10.1111/j.1468-2885.2010.01368.x>

- Soffer, O. (2020). From textual orality to oral textuality: The case of voice queries. *The International Journal of Research into New Media Technologies*, 26(4), 927–941. <https://doi.org/10.1177/1354856519825773>
- Spitzmüller, J. (2012). Floating ideologies: Metamorphoses of graphic ‘Germanness’. I A. Jaffe, J. Androutsopoulos, M. Sebba & S. Johnson (Red.), *Orthography as Social Action. Scripts, Spelling, Identity and Power* (s. 256–288). De Gruyter Mouton. <https://doi.org/10.1515/9781614511038.255>
- Spitzmüller, J. (2013). *Graphische Variation als soziale Praxis. Eine soziolinguistische Theorie skripturaler ‘Sichtbarkeit’*. De Gruyter. <https://doi.org/10.1515/9783110334241>
- Swanenberg, J. (2020). Writing and Writing Systems: Sociolinguistic Aspects. I J. Stanlaw (Red.), *The International Encyclopedia of Linguistic Anthropology* (s. 1–8). Hoboken. <https://doi.org/10.1002/9781118786093.iela0412>
- Telhaug, A. O. & Mediås, O. A. (2003). *Grunnskolen som nasjonsbygger. Fra statspietisme til nyliberalisme*. Abstrakt Forlag AS.
- van der Horst, J. (2018). The End of the Standard Language: The Rise and Fall of a European Language Culture. I C. Weth & K. Juffermans (Red.), *The Tyranny of Writing: Ideologies of the Written Word* (s. 47–62). Bloomsbury. <http://doi.org/10.5040/9781474292436.0008>
- Vangnes, Ø. A. (2019). Dialekt i sosiale medium: Det norske perspektivet. I G. Sandström (Red.), *Språk i Norden 2019* (s. 94–109). Nätverket för språknämnderna i Norden.
- Vannebo, K. I. (1984). *En nasjon av skriveføre. Om utviklinga fram mot allmenn skriveferdighet på 1800-tallet*. Novus.
- Vellesen, J. (1968). *Ættesoge og minne*. Time kulturminnenemnd.
- Vikør, L. (2004). *Dialekter som skriftspråk i tre norske distrikt*. Novus.
- Wentworth, H. (1944). *American Dialect Dictionary*. T. Y. Crowell Company.
- Weth, C. & Juffermans, K. (Red.). (2018). *The Tyranny of Writing: Ideologies of the Written Word*. Bloomsbury Academic. <http://doi.org/10.5040/9781474292436>
- Wolfram, W. & Schilling-Estes, N. (1998). *American English: Dialects and variation*. Blackwell.
- Wright, S. (2016). *Language Policy and Language Planning* (2. utg.). Palgrave Macmillan. <https://doi.org/10.1007/978-1-137-57647-7>